



# Møre og Romsdal Sau og Geit

## Referat styremøte

Tid/Sted: Onsdag 20. november 2013, kl 11.00 Fylkeshuset Molde

Til: Astrid, Solfrid, Synnøve, Odd Bjarne og Ragnhild Tokle (kl 11 -14)

Forfall: John Folde Engdal og Olav Sørstrand

### Saksliste:

#### **22/13 Innkalling og saksliste og referat styremøte 24. juni 2013, godkjendt**

#### **23/13 Referatsaker**

- Naturvernforbunden ynskjer freding av gaupe Molde, er avvist av region 6. Odd Bjarne har klar pressemelding frå MRSG.
- Ynskje om rovvilkonferanse for heile fylket, istadenfor dialogmøter lokalt.
- Representasjon:
  - Dyregoddagane Batnfjordsøra, Odd Bjarne, Solfrid og Synnøve 30/8-1/9
  - Møte Arr. komiteen «Geitdagane 2014», Astrid 4 oktober.
  - Telefonmøte, budsjett og program Geitdagane SKEI 22-24 aug. 2014. samarbeid S&F, M&R og Hordaland. Astrid 11. oktober.
  - Ullseminar Tingvoll, Solfrid 19-20 oktober.
  - Representanskmøte Oslo, Odd Bjarne og Synnøve 23-24 oktober.
  - Leiarsamling Sæbø, Odd Bjarne, Synnøve og Olav 25-27 oktober.
  - Møte prosjektstilling «auke Storfe/Småfe prod i M&R», Odd Bjarne 4 nov.
  - Beitekonferanse Oslo, Odd Bjarne 13-14 november.
  - Arbeidsmøte, tema Sau og Rovvilt, Solfrid 15. november

#### **24/13 Økonomien i laget**

- Midlar til Geiter i Vekst – løyvingar for 2013, kr 5000,- utbetales for 2013, sluttbeløp, prosjektet skulle vere ferdig 30/6 2013. Styret i M&R forventa at prosjektet vart avslutta etter planen. Vi ser oss ikkje forplikta til å vere med på vidare finansiering av dette.
- Radiobjeller – Telespor, gamle fordringar. Avtalen som Telespor har lagt fram er grei. Odd Bjarne ordner med Telespor.
- Uteståande betalinger på radiobjeller for 2012, 6 lag. Regelverket var uklart vedr. betaling av bjøller som ikkje fungerte. Odd Bjarne forfatter eit skriv som kasserer kan sende ut ilag med restkrava.

#### **25/13 Innspel til jordbruksforhandlingane**

Fått 2 innspel frå lokallag, ferdig utkast frå M&R og S&F klart iløpet av desember.



# Møre og Romsdal Sau og Geit

## 26/13 Gjetarhund

Styret i Møre og Romsdal Sau og Geit har flg. kandidatar til gjetarhunderådet i Regionen:  
(nb oppdatert 30/12/2013)

Fylkesrepresentant til regionen: Odd Bjarne Bjørdal

Dommerrepresentant i fylket til regionen: Atle Arnesen

Regionen (M&R, Nord og Sør Trøndelag) innstiller kandidatar til gjetarhunderådet sentralt.

## 27/13 BU-midler, støtte lokallag til samlingar

Sjekker opp om det er mulig å få støtte for å få opp aktiviteten i lokallaga – fylkestyret kan for eksempel søke på vegne av alle lokallag. OBB utreder vidare.

## 28/13 Høyringsuttale

- Endringer i forskrift om erstatningsordning for husdyrtap forårsaket av rovvilt.  
Motteke ein uttale frå lokallag.

Vår uttale: Vi ser ingen grunn til å endre på gjeldande forskrift, då den i praksis fungerer godt slik den er i dag.

## 29/13 Planlegging av årsmøte 2013

- Årsmøte dato 15. og 16. februar 2013
- Tema rovvilt/utmarkskonferanse. Beiting i utmark og utfordringane ved rovdyrkonflikter.
- FKT Øyvind Løken ordner foredragshaldar
- Forslag om unge bønder sosial samling på fredagen, fagtema laurdag og årsmøte søndag.
- Årsmelding:
  - o Nortura : OBB
  - o Geit : Astrid
  - o Rovvilt : Solfrid
  - o Beste vèr, gjetarhundekvi. OBB
  - o Gjetarhundlaget årsmld. OBB
  - o Radiobjelle OBB
  - o Økonomi Kasserer
  - o Org. Beitebruk Marianne Aas Halse
  - o Bestilling fat OBB
  - o Rapportering tillitsvalde SK



# Møre og Romsdal Sau og Geit

## 30/13 Ymse

Nasjonal konferanse Rovvilt, beitedyr og samfunn 13-14. jan 2014. Konferansen er utsett frå (normalt) oktober, budsjettmidlane for 2013 overføres til 2014 og Solfrid er utsending for MRSG.

Utfordringar med rapportering i Altinn for beitelaga vart diskutert, beitelaga er underlagt næringsavdelinga i kommunene – tilfeldig i dag at mange beitelag og Sau og Geit lokallag har same styre.

Odd Bjarne sender kopi på epost av teksten vedrørende saueavlen vidare, som han la fram på representantskapsmøtet i haust.

Saker til neste styremøte:

- geitgruppe – Astrid utfordrar geitehaldarar om dette.
- avlsutvalg sau – forespørsel om innspel frå ringane og lokallag

Neste styremøte: laurdag 18/01 kl. 14.00. Kasserer, møteleiar årsmøte og leiar valnemd kalles inn til dette møtet.